

Helse Bergen HF

Haukeland Universitetssjukehus

5021 Bergen

2006/214 - 3493/2006

Ivar Eriksen , 51 96 38 14

24.10.2006

### **Avtale mellom Helse Bergen HF og Eurosleep AS**

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saken, seinast vårt brev av 30. august 2006.

I brev av 14. juni 2006 til Helse Bergen HF har Helse Vest RHF understreka at avtaleforholdet seinast skal være avvikla ved utløpet av gjeldande avtaleperiode – det vil seie innan 31. desember 2006. Helse Bergen HF har ved brev av 18. august 2006 stadfesta at avtalen med Eurosleep vil opphøre ved årsskiftet.

Helse Vest RHF er pålagt av Helse- og omsorgsdepartementet å rapportera på saka, og vi ber derfor om ein tilbakemelding på at avviklinga av samarbeidet med Eurosleep no skjer i samsvar med dei signala som tidlegare er gitt.

Helse Vest RHF ber om at det blir gitt ein førebels tilbakemelding på avviklingsprosessen innan **7. november 2006**, og at det innan **5. januar 2007** blir gitt ein endeleg tilbakemelding i saka.

Med helsing

Helge Bryne  
Visadministrerende direktør

Ivar Eriksen  
seniorrådgivar/advokat